Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark

Vår dato: 28.10.2026
Vår ref: 2021/2250
Dykkar dato: 07.10.2026
Dykkar ref: 2026/1072

FYRESDAL KOMMUNE
Klokkarhamaren 6
3870 FYRESDAL

Saksbehandlar, innvalstelefon
Tonje Katrine Vaage, 33371109

Fråsegn – varsel om oppstart - mindre planendring - reguleringsplan - Fyresdal - Molandsmoen industri og friluftsområde - datasenter - planID 202201

Vi viser til oversending frå Fyresdal kommune datert 07.10.2026.

Saka gjeld
Saka gjeld varsel om oppstart av arbeid med ein endring av reguleringsplanen for Molandsmoen industri og friluftsområde (planID 202201). Det er lagt opp til ei endring av føresegner. Bakgrunnen for endringa er at ein i byggesakprosessen har sett eit behov for å presisere dagens føresegn for byggehøgder innafor reguleringsformål KBA_1 og føresegnområde #1. Dette gjeld særleg siste ledd i føresegna, der det nå står at «ventilasjonsrør, piper og liknande kan overstige maks mønehøgde med 5 m».

I gjeldande reguleringsplan er maksimal møne- og gesimshøgd for føresegnsområde #1 25 meter og 12 meter i føresegnsområde #2. Slik vi leser plankartet dekker dei to føresegnsområda til saman heile feltet som er satt av til kombinert utbyggingsføremål, KBA_1 i reguleringsplanen. Begge områda har føresegner som opnar for at det etablerast tekniske installasjonar inntil 5 meter over maksimalhøgda. Kommunen legg til grunn at formuleringa «ventilasjonsrør, piper og liknande» ikkje er ein uttømmande opprekning, men meint for å illustrere enkelte installasjonar som kan ventast på taket. Ettersom kjølevifter med tilhøyrande utstyr skil seg frå anna anvendbar bygningsmasse og ikkje er ein del av sjølvstendig utnytta volum, legg kommunen til grunn at slikt utstyr fell innanfor kategorien «og liknande». For å unngå misforståing angåande kva som er dekka av føresegna vel kommunen nå å presisere dette. Det er derfor foreslått å utdjupe føresegnene til område #1 og #2 (KBA_1), slik at det nå også omfattar alle tekniske installasjonar som er naudsynte for byggets drift, også nødvendig støyskjerming for ventilasjons- og kjøleanlegg.

Rolla til fagavdelingane til Statsforvaltaren
Statsforvaltaren sine fagavdelingar skal med heimel i plan- og bygningsloven § 3-2 sjå til at planar ikkje er i strid med nasjonale og viktige regionale interesser innan miljøvern, klima, landbruk, samfunnstryggleik, folkehelse, barn og unge sine interesser og gravplassar. Så lenge planen ikkje er i

strid med nasjonale eller viktige regionale interesser, vil ikkje Statsforvaltaren ved fagavdelingane fremje motsegn til planen.

For orden si skuld minner vi om at det er justis- og verjemålsavdelinga hos Statsforvaltaren som handsamar eventuelle klagar på kommunen sitt vedtak.

Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark og Vestfold og Telemark fylkeskommune inngjekk en samarbeidsavtale 13. januar 2021, som er vidareført med Telemark fylkeskommune inntil vidare. Avtalen inneber at fylkeskommunen tar vare på interessene til barn og unge i reguleringsplanar også på vegner av Statsforvaltaren. Statsforvaltaren viser til vurderinga frå fylkeskommunen av interessene til barn og unge i fråsegn til planvarsel og planforslag. Avtalen avgrensar ikkje Statsforvaltaren sitt høve til å fremje motsegn til planforslag som er i strid med vedtekne nasjonale eller regionale mål, rammer og retningslinjer knytt til interessene til barn og unge.

Vurderingar frå fagavdelingane til Statsforvaltaren
Statsforvaltaren ved miljøavdelinga har gått gjennom oversendt saksframlegg, inkludert kommunens vurderingar i saka. Vi kan ikkje sjå at den varsla planendringa vil vere vesentleg i strid med dei nasjonale eller vesentlege regionale interessene som vi er satt til å teke i vare. Vi legg til grunn at omsynet til støy blir tilstrekkeleg sikra i samsvar med gjeldande retningslinjer for støy i arealplanlegginga, T-1442 (2021). Vi har ingen ytterlegere merknader i saken.

Med helsing

Lene Ottersen (e.f.)
fungerande plansjef

Tonje Katrine Vaage
seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Telemark fylkeskommune	Postboks 2844	3702	SKIEN
Norges vassdrags- og energidirektorat	Postboks 5091 Majorstua	0301	OSLO